



## FRISTAR DET MED EIT UTVEKSLINGSOPPHALD I TYSKLAND?

Laksevåg og Bergen Maritime vgs deltar i utvekslingsprogrammet Erasmus+, som er EUs program for utdanning og opplæring. Dette programmet gir yrkesfagelevar moglegheit til å ta delar av opplæringa i eit anna EU/EØS-land. Prosjekta vi er involvert i gir elevane våre moglegheit til å få arbeidspaktsis i ei bedrift innan sitt fag.

Laksevåg og Bergen Maritime vgs har blant anna eit samarbeid med BASF Ludwigshafen, som er verdas største kjemiske prosessanlegg. Som ein del av dette samarbeidet kan elevar på VG2 Kjemiprosess- og laboratoriefag og VG3 Automatisering bli utplassert hos BASF i Ludwigshafen, Tyskland.

Opphaldet er på fire veker, og vil bli gjennomført i veke 9-10-11-12. I løpet av opphaldet er elevane tilknyttt opplæringsenteret til BASF. Det vert og organisert sosiale og kulturelle aktivitetar i løpet av opphaldet. Elevane som vert valt ut til å delta får stipend gjennom Erasmus+, som dekkar alt av kostnader til reise og opphald. Dei er dekka av Vestland fylkeskommune si forsikringsordning. Elevane får følgje med ein lærar på reisa, dei første tre dagane, samt dei siste dagane av opphaldet og heimreisa. I forkant av reisa vil elevar og føresette bli invitert til eit informasjonsmøte på skulen.

I forkant av opphaldet må eleven ta ein språktest (engelsk), og i etterkant må eleven levere ein rapport der ein dokumenterer kva ein har lært i løpet av opphaldet. Eleven vil få ein attest frå både BASF og Erasmus+, noko som kan vere eit verdifullt vedlegg til CV'en.

Dersom dette er av interesse, sender du ein skriftleg søknad innan 15.november til [marie.hoyvik@vlfk.no](mailto:marie.hoyvik@vlfk.no) der du:

- Presenterer deg sjølv
- Skriv om motivasjonen din for å delta
- Reflekterer over kva som kan vere utfordrande med å delta
- Reflekterer over kva du kan lære ved å delta

Når søknadsfristen er ute kallar vi inn alle søkerar til intervju. Utveljinga skjer i samarbeid med kontaktlærar og avdelingsleiar.

Har du spørsmål, ta kontakt med rådgjevar og internasjonal kontakt Marie Høyvik (tlf 457 22 290)

